

Nettariffar

gjeldande frå 01.01.2017



Voss Energi

Nettariffane er sett opp etter kva type anlegg det er, bruksområde og/eller uttakstorleik. Prisen er også omtalt som nettleige.
Etter dialog med kunde, er det energiverket som avgjer kva for nettariff eit abonnement skal avrekna etter.

Sjå www.vossenergi.no for meir informasjon og prisar for den enkelte tariff.

Anlegg med uttak under 40 kW (100 A)

Tariffar for kundar med levering frå lågspenningsnettet med uttak under 40 kW.

052-LS Lågspenning

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd, øre/kWh

Målaravlesing og avrekning annakvar månad.

052-LS-VS Lågspenning

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd vinter, øre/kWh
- energiledd sommar, øre/kWh

Målaravlesing og avrekning annakvar månad.

05-S2 Veg og gatelys

Tariffen vert nytta for mindre veg- og gatelys. Grunnlaget er summen av installert lampe-effekt. Det skal nyttast automatisk inn- og utkopling ved hjelp av fotocelle eller anna måte.
Som grunnlag for energiavrekning vert installert lampeeffekt multiplisert med brukstid 4000 timer.

Tariff samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd, øre/kWh

Anlegget er umålt og vert avrekna ein gong i året.

05-S3 Signalanlegg

Tariffen vert nytta for trafikkregulering, radio- og sambandsstasjonar m.m.
Grunnlaget er summen av installert effekt.
Som grunnlag for energiavrekning vert installert effekt multiplisert med brukstid 3000 timer.

Tariff samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd, øre/kWh

Anlegget er umålt og vert avrekna ein gong i året.

05-T4B Byggestraum (63 A)

Tariffen vert nytta til straum på byggeplassar og tilsvarande korttidsuttak. Pris for til- og fråkopling og leige av byggestraumskåp er avhengig av sikringsstorleik.

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/mnd.
- energiledd øre/kWh

Målaravlesing og avrekning annakvar månad.

Anlegg med uttak over 40 kW - lågspenning

Tariffar for kundar med levering frå lågspenningsnettet med uttak over 40 kW.

051-LS Effektgrensetariff - lågspenning.

Det vert nytta maksimalmålar, dvs. kWh-målar med maksimalteljeverk som registrerer den maksimale effektbelastningen som medelbelastning i ein 60 min. registreringsperiode.

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd, øre/kWh
- effektledd, kr/kW
 - trinn 1: opp til 100kW
 - trinn 2: 100 – 200 kW
 - trinn 3: 200 – 500 kW
 - trinn 4: over 500 kW

For kundar med avvikande forbruksprofil, kan effektleddet ha fleksibel oppstart i månaden, men med maksimal varighet av 31 dg.

Det vert nytta timesmålt målar med fjernavlesing.
Anlegget vert avrekna kvar månad.

051-LS-VS Effektgrensetariff - lågspenning.

Det vert nytta maksimalmålar, dvs. kWh-målar med maksimalteljeverk som registrerer den maksimale effektbelastningen som medelbelastning i ein 60 min. registreringsperiode.

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd vinter, øre/kWh
- energiledd sommar, øre/KWh
- effektledd, kr/kW
 - trinn 1: opp til 100kW
 - trinn 2: 100 – 200 kW
 - trinn 3: 200 – 500 kW
 - trinn 4: over 500 kW

For kundar med avvikande forbruksprofil, kan effektleddet ha fleksibel oppstart i månaden, men med maksimal varighet av 31 dg.

Det vert nytta timesmålt målar med fjernavlesing.
Anlegget vert avrekna kvar månad.

05-S1 Teknisk varmekraft

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd dag, kl. 07:00 – 22:00, øre/kWh
- energiledd natt, kl. 22.00 – 07.00, øre/kWh

Voss Energi avgjer i kvart einskild høve kvar denne tariffen kan nyttast.

Ein krev forbruksanalyse før tariffen vert tatt i bruk.

Det vert nytta timesmålt målar med fjernavlesing.
Anlegget vert avrekna kvar månad.

05-T4C/D Byggestraum (125 A/250 A)

Tariffen vert nytta til straum på byggeplassar og tilsvarende korttidsuttak. Pris for til- og fråkopling og leige av byggestraumskåp er avhengig av sikringsstorleik.

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/mnd.
- energiledd øre/kWh

Målaravlesing og avrekning annakvar månad.

Anlegg med levering høgspenning

Tariff for kundar med levering frå høgspenningsnettet (spenning 11/22 kV).

O3-HS Høgspenning

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd, øre/kWh
- effektledd, kr/kW

Det vert nytta maksimalmålar, dvs. kWh-målar med maksimalteljeverk som registrerer den maksimale effektbelastningen som medelbelastning i ein 60 min. registreringsperiode.

Det vert nytta timesmålt målar med fjernavlesing.
Anlegget vert avrekna kvar månad.

Fleksibel levering

Tariff for kundar som kan koplast frå nettet på kort varsel.

Som fleksibel forsyning vert rekna:

- elektrokjel med full brenselfyrt reserve
- varmepumpe med full brenselfyrt reserve
- vekstlys med fyringsreserve
- andre typar anlegg som kan koplast ut på kort varsel, og som kan utnytta ledig kapasitet i eksisterande nett.
- Anlegg som er tilkopla må ikkje ha vore dimensjonerande for utbygginga av nettet.

Anlegget må godkjennast av Voss Energi. Voss Energi har rett til å foreta prøveutkopling ein gong i året.

Anlegget vert fjernavlest og avrekna kvar månad.

O3-UP HS-VS - høgspenning

Tariff for fleksibel forsyning for kundar med levering frå høgspenningsnettet.

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd vinter, øre/kWh
- energiledd sommar, øre/kWh

Anlegget vert fjernavlest og avrekna kvar månad.

O4-UP-VS - lågspenning

Tariff for fleksibel forsyning for kundar med levering frå lågspenningsnett.

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd vinter, øre/kWh
- energiledd sommar, øre/kWh

Anlegget vert fjernavlest og avrekna kvar månad.

Plusskundar

Ein plusskunde er ein kunde som produserer sin eigen straum, og som ønskjer å levera overskotet av kraft inn på det lokale straumnettet i periodar der kunden produserer meir enn han brukar.

Føresetnaden for å være plusskunde er at kundens årsproduksjon ikkje er større enn kundens årsforbruk.

05-S4 Plusskundar

Tariffen er samansett av:

- fastbeløp, kr/år
- energiledd uttak, øre/kWh
- energiledd levering, basert på marginaltap, øre/kWh

Anlegget vert fjernavlest og avrekna kvar månad.

Produksjonskundar

Tariffen vert nytta til avrekning av kraftstasjonar som er knytt til til Voss Energi sitt nett.

05- Innmatting

Tariffen er samansett av:

- fastledd basert på installert ytelse, kr/år
- energiledd, basert på marginaltap, øre/kWh

Det vert nytta timesmålt målar med fjernavlesing.

Anlegget vert avrekna kvar månad.

Reaktiv effekt

For tilkopling av motorar og/- eller andre apparat med stor startstraum, må det på førehand hentast inn samtykke frå energiverket. Reaktiv effekt inntil 7 kVAr kan koplast til utan tilleggsgebyr. For apparat som treng større reaktiv effekt, skal det betalast 40% av effektledd i tariff O51-LS pr. kVAr og år for den delen av reaktiv effekt som overstig 7 kVAr.

Dersom uttak av reaktiv effekt overstig 40% av aktiv effekt som vert teke ut i same tidsrom (effektfaktor under 0.9), kan energiverket krevja:

- at kunden betrar anlegget sin effektfaktor eller
- at kunden betaler ei tilleggsavgift i kr/kVAr og år lik 40% av effektledd i tariff O51-LS/O3-HS for overskytande uttak av reaktiv effekt.

Fellesmerknader for alle tariffar

Generelt

Rekningar vert sende ut for terminar med påført frist for betaling.

Tinging

Ved tinging av kraft får kunde tilsendt stadfesting på tinginga, standardavtalar for levering og anna informasjon. Stadfestinga skal returnerast med kunden sin signatur. Kunde har dermed godteke energiverket sine tariffar og standard vilkår. Den som tek over eller tek i bruk ei krafttinging, har godteke energiverket sine tariffar og vilkår elles, sjølv utan signatur.

Den som tek over eller tek i bruk eit abonnement til ein annan abonnent utan at dette er meldt til energiverket, må også svara for dei skyldnader førre abonnent har til energiverket.

Kontrakt om levering av elektrisk kraft

Dersom ikkje anna er avtalt i særkontrakt, skjer levering av elektrisk kraft etter:

- Standard avtale for nettleige og vilkår for tilknyting for forbrukarkundar
- Standard tilknytings- og nettleigeavtale for næringsdrivande

Offentlege avgifter

Forbruksavgift og meirverdiavgift som er pålagt forbruk av elektrisk energi, samt bidrag til det statlege energifondet Enova vert oppkravt etter dei satsar og reglar som til ei kvar tid er fastsett av styresmaktene.

Fastbeløp

Fastbeløp og effektpris vert avrekna i dagar av året.

Tilhøva som kan påverka prisane

Større endringar i nettleigetariffane for sentralnett og regionalnett, og likeins endringar i forskrifter frå NVE, kan medføra endringar i tariffane.

Renter

Dersom rekningar ikkje vert betalt innan fastsett frist, vert det rekna renter og eit gebyr pr. purring. Det vert rekna morarenter i tråd med rente fastsett av styresmaktene. Sjå prisliste på gebyr på www.vossenergi.no.

Oppningsgebyr

Dersom eit anlegg vert fråkopla på grunn av manglande betaling, vert det rekna eit gebyr før anlegget vert kopla til att. Sjå prisliste på gebyr på www.vossenergi.no.

Anleggstilskot

For nye tilknytingar vert det fastsett anleggstilskot som må dekkast av kunde. Anleggstilskotet skal dekka dei anleggskostnader tilknytinga medfører. Det kan også vera aktuelt å fastsetta anleggstilskot dersom ei endring i anlegget (auka effektuttak) krev forsterkning av eksisterande nett. Anleggstilskot er nærmare beskrive i dokument: *Rutine for fastsetting av anleggstilskot i Voss Energi AS*.

Oppseiing / Tilkopling av abonnement

Kundar som seier opp abonnementet og ber om at straumen vert kopla i frå, og som vil kopla seg til att før 12 månader er gått, må betala eit tilkoplingsgebyr. Sjå prisliste på gebyr på www.vossenergi.no.